

Vaksdal kommune

5722 DALEKVAM

Vår dato: 05.02.2019

Vår ref.: 201835760-11

Arkiv: 313

Dykkar dato: 22.06.2018

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Vegard Rønning Dahlen

22959396/verd@nve.no

Vaksdal kommune – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn i Sædalen, Vaksdal kommune i Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 14.06.2018.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn i Sædalen med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, Bakgrunn for vedtak - Grunnvannsuttak for kommunal drikkevannsforsyning i Sædalen. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av grunnvatn i Sædalen og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Detaljerte planer sendes til miljøtilsynet i NVE.

Vi syner elles til NVE rettleiar 2 frå 2013 «*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga*» og rettleiar «*Detaljplan for miljø og landskap for grunnvannsanlegg med konsesjon*» som finns på <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/vannkraft-settefisk-og-andre-vassdragsanlegg/utarbeidelse-av-detaljplan/>.

Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Vegard Rønning Dahlen
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for grunnvannsuttak i Sædalen
Bakgrunn for vedtak - Grunnvannsuttak for kommunal drikkevannsforsyning i
Sædalen

Kopi til:

Cowi AS - Norheimsund v/Oddmund Soldal
Fylkesmannen i Vestland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet
Norges geologiske undersøkelse
Vaksdal kommune v/Willy Andre Gjesdal